

Han var los, han Gamle-Hans, og rektigt ein av gamlegutarne var han. Diverre saa var han ^{leid} laak aa drikka, og ho Helina, kona, var alt anna enn fornøgd med honom i saa maate. Ein gong fekk ho honom til aa gaa inn paa eit ^{ei semja} forlik: ho vilde styra brennevinstunna, og han skulde daa visse tider paa dagen vera med henne burt i stabburet og faa seg ein dram. Dei saag honom ^{skundom} stondaa, han gjekk liksom og heldt i stakkedøsa hennar, og bad henne kjærlegt um aa vera med og gi honom ein taar. So forfallen var han. Men naar han skulde "sta itte skute", daa var ikkje ho Helina so knipa. ⁱ Ein dag som han inne paa Leitebakken heldt paa aa leggja presæninga og stein paa ei høymue, fekk han braatt auga paa eit stort troll av ei skute. Det var visst ein fullriggar, som kom setjande rett inn. Det var som om kvar vindbyggje berre ^{stod} stilte etter aa slite ^{underbuksi} underbuksa av honom. Han hadde nemleg floa, den dagen, og alltid ~~om~~ um sumaren gjekk han Gamle-Hans berre i underbukse, skjorte og skor. Sein var han ikkje no-ropte aat gutarne, som ^{ein} stod og slo, og om eit ^{augneblink} øieblikk var han komen heimatt aat ho Helina. Ho hadde sett honom koma springande, og stod ferdig med flaska. Enno ei lita stond, og ein saag baaten fara attom Naustneset, for det galdt aa bli fyre Vigralsarne, um dei torde seg i veg, daa. Det tok no Hans'en seg friheit til aa tvile paa. ^{stugg} Stugg var han med sjoen, so to mann hadde fullt arbeid aa øysa. Det var nok av deim som fylgde deim med augo, for det var ikkje ver aa "kome burtfor støa." Ho Helina var no ikkje den som var reddaste for honom, ho visste kva han dugde til. Men stugg var sjoen, som menmt, og det var ikkje raad aa leggja aat med so liten ein baat. Han Hans knytte daa ei fester um brjostet og heiv seg i sjoen. Kapteinen sjølv var med aa draga han upp, dei var kjende fraa ^{fyrr} før. Han fortalde so kva kos dei skulde stemna, og dermed fylgde han kapteinen ned, og fekk av seg den ikkje saa lite vaate underbuksa. ...

Dei er no komne nord i Trondhjems-leida.

Uppe paa kommandøbrua stend han Hans og kapteinen. Med eitt sette kapteinen i: "her ser eg botnen, los!" "Aa, ver ikkje redd, kaptein,

Framhald Sjur-Gamle-Hans.

for han er 5 famner stokketare,her," sa han Hans saa roleg.

Skuta gjekk no til all lukke framover, og han Hans beheldt sitt gode namn som lods. Men han visste nok ikkje, kvar han for, den gongen....

Eg raaka honom no eg var heime. Han kunde daa fortelja meg, at det var skralt med honom, no, og han venta ikkje aa faa liva lengje.

Men naar eg laga snakkjet innpaa sjolivet, daa retta den bogne ryggen seg, og det var som om andletet *vant* blev friskare. Eg fekk daa høyra mange sogur fraa sjoen. Han berre angra paa, at han hadde vore saa laak aa drikka i sin ungdom- og totte det var hugnadsamt aa sjaa, at ungdomen no let vera aa drikka.

(stil skreven av Gustav Vebjørn Ulla, Møre Folkehøgskule, 13/10-1900).

(læraren som har retta, har signert med O.A. , det er nok Olav Aasmundstad.)